



Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato: 16.06.2014
Vår ref.: 2014/843-14
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 13/2094

Rapportering på tilskot til utviklingsarbeid i Hordaland fylkeskommune haust 2013 og vår 2014 – anmodning om utbetaling

Vi viser til brev av 6. august 2013 om tilskot til utviklingsarbeid i fylkeskommunane. Hordaland Fylkeskommune fekk tildelt eit tilskot på kr 50 000,- for hausten 2013 og våren 2014. Midlane har vore nytta til å dekke opp delar av følgjande utviklingstiltak:

Dialogkonferansen vart arrangert i **Fjell kommune 3.-4. september 2013**. Målet var fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og planleggarar i kommunane var primær målgruppe. Det var deltakarar frå 19 kommunar. I tillegg deltok folkehelsekoordinatorane frå fleire kommunar. Hordaland idrettskrets, Bergen og Omland Friluftsråd og Bergen og Hordaland Turlag deltok og på heile samlinga slik at dette vert ein særst nyttig møteplass for å tilretteleggje for ein aktiv kvardag for folk i Hordaland.

Representantar frå 3 kommunar deltok i programplanlegginga for å få eit best mogleg program i høve til dei utfordringane kommunane står ovafor innanfor fagfeltet fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Aktivitets- og anleggsutvikling er ein raud tråd i programmet, der spelemidlar (inkl idrettsanlegg.no) har ein sentral plass på første dag. Hordaland fylkeskommune set stor pris på at Morten Roa deltok på denne viktige møteplassen med våre kommunar. Det var totalt 35 deltagarar på konferansen. **Kostnad kr 100 593,-**

Fylkeskonferansen kultur og idrett vart arrangert **6. november 2013 i Bergen kommune**. Hovudtema for heile konferansen «Innspelkonferanse i Bergen til ny regional kulturplan» var å få innspel til vår nye regionale kulturplan. Anleggs- og aktivitetspolitikk for dei kommande 10 år er ein viktig del av denne planen. Målgrupper for konferansen var fylkes- og kommunepolitikarar, tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv, folkehelse og planleggarar i kommunane, og leiarar i idretts- og friluftslivorganisasjonar på alle nivå. **Kostnad kr 91 036,- (sesjonen for idrett og friluftsliv)**

Det vart arrangert ein dag i Meland kommune og ein dag i Kvam herad med kurs i www.idrettsanlegg.no. I tillegg driv vi oppsøkjande verksemd til kommunane i Hordaland. Planarbeid og anleggs- og aktivitets-utvikling er hovudfokus, og idrettsanlegg.no og synfaring av ulike anlegg er faste tema.

Hordaland fylkeskommune har dokumenterte kostnader knytta til kompetansehevande utviklingstiltak hausten 2013 og våren 2014 på **kr 191 629**,-, og ber om at kr 50 000,- vert overført til konto 5201.06.74239 merka 400.420.06.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
Spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.